

LINDÅS KOMMUNE (2)

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Deres ref.:

Vår ref.:

Saksbehandler:

Dato:

13/9136-3

Christina Hildonen

11.12.2013

## **Avslag på søknad om tilskot til «Sykkeltur med liv og lyst» under tilskotsordninga Aktivitet eldre- og seniorsentra over statsbudsjettet 2013 kapittel 761 post 21.**

Helsedirektoratet viser til søknad av 16.10.13 under tilskotsordninga Aktivitet eldre- og seniorsentra.

Helsedirektoratet avslår søknaden dykkar om tilskot til «Sykkeltur med liv og lyst» over kapittel 761 post 21 på statsbudsjettet for 2013.

Søknaden er vurdert ut frå regelverket for tilskotsordninga, med særleg vekt på tildelingskriterium, budsjettet i søknaden, forventa måloppnåing og framdriftsplan

Prosjekter som oppfyller fylgjande krav er vortne prioriterte:

- Prosjekt med anna finansiering og/eller som planlegg samarbeid med kommune eller frivillige/ideelle organisasjonar
- Prosjekt som stimulerer til brukarmedverknad
- Utviklingsprosjekt som kan ha dokumenterbar læringsverdi for andre

Det er kome inn 187 søknader frå både kommunar og frivillige/ideelle organisasjonar. Totalt er det søkt om kr 73 764 517 i denne tilskotsordninga, som har 10 mill. kr til utdeling.

Årsaka til avslaget er at budsjettet for tilskotsordninga er for lite til å innvilge alle søknader. Andre søkjarar er forventa å ha endå høgare måloppnåing enn dykk. Helsedirektoratet vurderer søknaden som for svak til å kunne prioriterast i konkurranse med andre søkjarar.

### **Klagerett**

De har rett til å klage på vedtaket. Dette følgjer av forvaltningslova § 28.

Ei eventuell klage skal sendast til Helsedirektoratet. Klagefristen er normalt tre veker. Helsedirektoratet vurderer om det er grunnlag for å endre vedtaket. Dersom vi ikkje endrar vedtaket, må klaga sendast til Helse- og omsorgsdepartementet, som tek den endelege avgjersla.

### **Helsedirektoratet - Divisjon folkehelse**

Avdeling oppvekst og aldring

Christina Hildonen, tlf.: 24163461

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

**Anna**

All korrespondanse skal sendast til [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no) eller postadressa vår og skal merkjast med referansen vår 13/9136.

Vi ønskjer dykk lykke til vidare med arbeidet og ønskjer framtidige søknader velkommen.

Vennlig hilsen

Ellen Margrethe Carlsen e.f.  
avdelingsdirektør

Christina Hildonen  
rådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk*